

Ingemund Gullvåg:

SPRÅK OG NORMAR: EIT FILOSOFISK SYNSPUNKT

Innleiing

Når vi tenkjer på språk og språkplanlegging, kan det vera tale om *normar* på to plan. For det fyrste normar som vi tenkjer oss styrer *språkbruken*, for det andre normar som spelar ei rolle for *språkplanlegging*. Det er freistande å ty til det kjende skiljet mellom objektplan og metaplan for å halda desse nivåa frå kvarandre. Språkbruken i samfunnet er det «objektet» språkplanleggjaren er oppteken av; som observatør og planleggjar er han sjølv på «metaplanet». – Men sjølv sagt er han òg ein, kanskje ikkje heilt vanleg, brukar av språket. Og såkalla vanlege brukarar går òg stundom opp på metaplanet og reflekterer over språkbruk, sin eigen eller andres, ikkje minst når dei møter ukjende dialektuttrykk eller framande språk.

Dei normane som gjer seg gjeldande på objektplanet, i språkbruken, kan tenkjast vera andre, og av andre slag, enn dei som spelar ei rolle på metaplanet, i språkplanlegging. Språkideologiar, kan vi tenkja oss, gjer seg gjeldande på metaplanet, ved refleksjon over språket og freistnader på å planleggja og regulera det.

Lat oss fyrst sjå på nokre omgrep: Kva er ein norm eller regel, og kva vil det seia å fylgja ein regel?

Reglar og regelfylgging

Normar er essensielt sosiale fenomen. I sosiologiske og sosialpsykologiske drøftingar blir dette rekna for noko sjølv sagt. Men i andre samanhengar kan ideen om at reglar og normar er noko sosialt kanskje verka mindre sjølv sagt. Dette heng saman med spursmålet om i kva mon språkbruk kan seiast vera noko vilkårleg som den einskilde kan rå over og gje sine egne reglar for, utan omsyn til generelle språknormar. Dette spursmålet har vore ein del framme i filosofisk diskusjon, t.d. hjå Frege, Wittgenstein, strukturalistar, og i norsk språkfilosofi, i «Osloskulen»

kring Arne Næss. Eit kjent standpunkt til dette spørsmålet er det Humpty Dumpty hevdar i Lewis Carrolls *Through the Looking-Glass*: «I can make words mean what I like», og: «The question is: Who is to be the master, that is all.» I si tid gjorde den norske filosofen Herman Tønnessen dette synet til sitt.

Ei tolking av Wittgensteins *Philosophische Untersuchungen* går ut på at dette er eit av dei viktige tema i boka: Kan eg få ord og uttrykk til å tyda det eg vil – kan eg vedta, og fastsetja, kva som helst som ein regel for min eigen språkbruk? Frege tok òg opp dette spørsmålet, og hans svar på det var negativt: Meir eller mindre tilfeldige, subjektive hugskot eller vilkårlege intensjonar og assosiasjonar i samband med eit ord er ikkje det same som *tydinga* til ordet. Språklege tydingar er intersubjektive, elles kunne det ikkje vera kommunikasjon frå individ til individ og frå generasjon til generasjon.

Wittgenstein knyter spørsmålet om subjektive og individuelle tydingar av ord, spørsmålet om eit reint privat språk er mogleg, meir eksplisitt til ei drøfting av reglar og regelfylgging, og om det å fylgja ein regel kan vera noko heilt individuelt.

Mange vil meina at spørsmålet om kva det vil seia å fylgja ein regel, er eit sentralt, kanskje *det* mest sentrale, problem i Wittgensteins *Philosophische Untersuchungen*. I ei lang rad paragrafar drøftar Wittgenstein om ulike slag fakta ved eit *individ* kan seiast å innebera at det fylgjer ein regel: fakta om kva som går for seg i medvitet, om hjernetilstandar, om bruk av døme, tabellar eller formlar. Han kjem til sist til at så lenge vi berre tek omsyn til individet sjølv, er alt som kan seiast om ein som freistar fylgja ein regel at vedkomande gjerne vil handla på visse måtar, og meiner at visse tilfelle er i samsvar med regelen og andre ikkje. Men dette er òg noko som gjeld for ein som trur han fylgjer ein regel, men tek i miss. Når det gjeld individet, sett i isolasjon, kan vi altså ikkje dra noko skilje mellom det å fylgja ein regel korrekt, og å ta i miss eller ikkje fylgja nokon regel i det heile, men berre tru at ein gjer det. Berre ved å ta omsyn til eit samfunn får vi eit grunnlag for å dra dette skiljet. Berre ved å appellera til det faktum at den ekte regelfylgjaren i sine reaksjonar på døme er i samsvar med medlemene av eit samfunn, kan vi seia kva som skil han frå ein som trur han fylgjer ein regel, men tek i miss.

Wittgenstein meinte altså at om berre regelfylgjaren og ingen andre kunne vita om han fylgjer ein regel, ville vi ikkje kunna seia kva

skilnaden er mellom at det verkeleg finst ein regel som personen fylgjer, og at han berre trur det er slik. Denne konklusjonen kan vi ikkje godta dersom det å fylgja ein regel skal leggja restriksjonar på kva regelfylgjaren gjer. Difor er det ikkje råd at den einskilde åleine kan vita om han fylgjer ein regel. Det må altså finnast offentlege kriteria for om nokon fylgjer ein regel. Wittgensteins konklusjon på denne diskusjonen er at «å 'fylgja ein regel er ein praksis. Og å *tru* at ein fylgjer ein regel er ikkje å fylgja ein regel. Difor er det ikkje råd å fylgja ein regel 'privat'; elles ville det å tru at ein lydde ein regel vera det same som å lyda han.» (P.U. par. 202). Med «praksis» meiner han her ein sosial praksis, ein skikk, ein institusjon. I *Remarks on the Foundation of Mathematics* seiest det: «Bruken av omgrepet 'å fylgja ein regel' føreset ein skikk. Difor ville det vera nonsens å seia: nokon fylgde ein regel berre ein gong i verdssoaga.» (RMS VI, par. 21)

Avgjerande for Wittgensteins diskusjon om regelfylgjing og om eit privat språk er to punkt: at ein ekte regel må leggja restriksjonar på kva ein regelfylgjar gjer, og at det må vera eit skilje mellom at ein verkeleg fylgjer ein regel og at ein berre trur det. Men om ein einast held seg til fakta om individet sjølv, har ein ikkje noko grunnlag for å dra eit slikt skilje.

Korleis kan så ein sosial praksis vera grunnlag for å avgjera om nokon fylgjer ein regel eller ikkje, t.d. når det gjeld eit ord? – Det er den måten andre nyttar ordet på i nye tilfelle, og min konformitet med deira praksis, som avgjer om eg fylgjer ein regel, og om eg meiner noko med ordet eller ikkje. Så det å fylgja språkreglar, og dermed meina og forstå noko med ord, er mogleg berre fordi det faktisk er slik at etter liknande opplæring med forklåringar av ord, held samfunnsmedlemene fram med å nytta orda på samsvarande måtar i nye tilfelle.

Språklege tydingar er altså regulerte av sosiale sedvanar. Meir eller mindre tilfeldige, subjektive hugskot i samband med eit ord har inga regelgevande kraft. Eit slumpeinnfall eller ei vilkårleg avgjerd skaper ikkje nokon praksis og ikkje nokon norm eller standard for språkbruk. Ein norm eller regel er ikkje noko som kan fastsetjast eller fylgjast berre éin gong av ein person. Han er noko sosialt, intersubjektivt og varig. Eksistensen av ein norm eller regel føreset samsvar i åtferd. Slik samsvarande åtferd er ein praksis, ein skikk. Praksisar inngår i livsformer. Utan slike samsvarande praksisar og livsformer ville det ikkje vera omgrep eller språk.

Praksis

I eit samfunn er det mange slags sosialt einsarta måtar å gjera ting på. Vi fylgjer ein vegvisar, ei pil, i ei viss leid; vi les skrift i ei viss retning, frå venstre mot høgre og ovanfrå nedetter. Vi nyttar stolar, bord og senger på visse samsvarande måtar: vi *sit på* eller *i* stolar, vi *sit ved* bord, vi *ligg i* senger. I andre kulturar les dei skrift på andre måtar enn vi gjer; i visse andre kulturar nyttar dei ikkje stolar, eller bord, eller senger; i visse historisk kjende kulturar *låg* dei til bords. Jamvel seksualvanar skiftar i ulike kulturar. Slike *praksisar* eller skikkar i vid meining høyrer med til ei *livsform*. Det høyrer med til vår livsform å nytta stolar, bord og senger slik vi gjer, å bu fast i hus, å lesa skrift frå venstre mot høgre og ovanfrå nedetter, å eta med kniv, gaffel eller skei, å køyra på høgre sida av vegen osv. Slike praksisar «definerer» ofte funksjonelle kategoriar som t.d. 'stol'. Dreyfus har synt kor fåfengt det er å freista definera ein funksjonell kategori som 'stol' ved «objektive», t.d. fysiske, kjenneteikn. Ein stol er rett og slett alt det som typisk går inn i vår karakteristiske stolbrukspraksis. Denne praksisen er ikkje berre kulturelt determinert, men har sjølv sagt òg samband med menneskeleg anatomi, t.d. at føtene bøyer seg slik dei gjer.

Det å nytta eit språk er òg ein praksis. Å forstå eit språk er å meistra ein praksis. men denne praksisen er på mange måtar sereigen, m.a. avdi han gjer det mogleg å skildra og reflektera over annan praksis, eller over språkbruken sjølv. Det å meistra eit språk heng saman med medviten tenking og refleksjon.

Praksisar *treng* ikkje vera noko vi har reflektert over. Nokre av dei tenkjer vi på stundom; andre har vi kanskje aldri tenkt på. Dei er som lufta vi andast i; dei høyrer med til det sjølv sagde, det vi berre går ut frå og tek som gjeve, utan spursmål, tvil eller ettertanke.

I ei viss meining *ventar* vi at andre skal te seg i samsvar med dei vanlege praksisane og ikkje bryta dei – liksom vi ventar at andre ventar det same av oss. Vi *ventar* det i den forstand at vi kan reagera om nokon bryt ein praksis, t.d. set seg på golvet attmed stolen, eller på bordet, eller held boka opp ned, eller et kjøttkakene med hendene. Då vil vi kanskje svara med sanksjonar. Men det er ikkje dermed sagt at vi til vanleg går rundt med *medvitne* forventningar om at folk fylgjer vanleg sed og skikk. Det er berre noko vi går ut frå, noko som er ein

føresetnad for vår eiga orientering og åtferd i samvær med andre, og i dette treng det ikkje vera noko reflektert.

Slike føresetnader ligg til grunn for vår orientering i tilværet, for vår åtferd og vår bruk av språk. Føresetnader er ikkje *tru*; normalt er dei ikkje noko vi trur eller tviler på. At eg får fast grunn under føtene når eg går ut er ikkje noko eg til vanleg *trur* eller *tviler* på, men det er ein føresetnad for sjølve det å gå ut av døra, for at det skal ha noko *poeng* å freista gå ut av døra. – (I ein slik forstand er visse ting *konstitutive vilkår* for at det vi gjer og seier skal ha noko poeng og ikkje vera fåfengde slag i lufta. Mykje av det vi gjer andsynes andre, og i samspel med andre, har òg føresetnader – m.a. om at andre fylgjer visse vanlege praksisar i relevante samanhengar.

Ikkje berre Wittgenstein, men òg andre filosofar, og likeins samfunns- vitarar, har lagt vekt på at slike samsvar i åtferd, slik einsarta praksis, ligg til grunn for sosialt samliv og språk.

Men er ikkje språk føresetnad for samvær i praksis? – Nei. Jamvel hjå språkause dyr finn vi i nokon mon «oppseding» i tillærde praksisar, t.d. framgangsmåtar for å finna føde, for markering av revir, eller jaktteknikkar – praksisar som dyr lærer i vill tilstand, men ikkje i fangenskap.

Norm

Ordet «norm» blir nytta på ulike måtar, stundom om ein «standard», ein sams målestokk for domar på eit visst felt, stundom om ein sams praksis med tilknytte forventningar og sanksjonar, stundom om normative utsegner, eventuelt i tilknytning til praksis. Det er sjølv sagt ikkje noko i vegen for at eitt og same fenomen kan vera ein norm i fleire av desse tydingane, t.d. både ein sams praksis og ein sams målestokk for domar om kva som er rett og gale, korrekt eller ukorrekt. Når det gjeld freistnader på å definera «norm», kan vi skilja mellom tre hovudtypar: 1) lingvistiske, som identifiserer normar med noko språkleg: normative utsegner, 2) behavioristiske, som ser normar som typar av einsarta åtferd, og 3) definisjonar av normar som typar av haldningar, med disposisjonar for forventningar og sanksjonar. I definisjonar av typane 2) og 3) er ikkje språkleg uttrykk noko naudsynt kriterium på at det finst ein viss norm. I sosiologi og sosialpsykologi er definisjonar av type 3) vanlege.

Det er rimeleg å halda *normative utsegner* ut frå normar, i den mon vi med «normativ utsegn» meiner «setning som har normativ form». Ein og same norm kan ofte formulerast ved to eller fleire ulike setningar, eventuelt i ulike språk. Til dømes:

Du skal ikkje slå i hel
Thou shalt not kill
eller, på eit meir trivielt plan:

Inga røyking
No smoking
Rauchen verboten
Il ne faut pas fumer
Prohibido fumar

osb. Det er heller ikkje noko i vegen for at jamvel deskriptive utsegner kan vera uttrykk for normar i visse samanhengar.

Men kva så med *meningsinnhaldet* eller tydinga til ei normativ utsegn? Er ein *norm* det same som ei slik tyding? Er m.a.o. ein *norm* noko *semantisk*, liksom påstandsinhaldet i ei deskriptiv utsegn? Eller krevst det noko meir eller noko anna? T.d. at det normative *meningsinnhaldet* må svara til ein faktisk praksis med tilknytte forventningar og sanksjonar?

Ein måte å sjå det på ville vera at språklege uttrykk, konform praksis, forventningar og sanksjonar er ulike *symptom* på normar, men ikkje *kriteria* som plent må vera oppfylte. For eit slikt syn er 'norm' eit «ope omgrep»; vi har ulike haldepunkt for bruken av det, men ikkje eit sett av naudsynte og til saman fullnøyande definatoriske kjenneteikn. Slik kan det vera med mange ord som vi er fullt fortrulege med i praksis, men ikkje kan gje uttømande språklege definisjonar av. Mange ord nyttar vi snarare på grunnlag av «typiske døme» enn på grunnlag av definisjonar.

Eg vil likevel sjå saka på ein annan måte. Lat oss skilja mellom ureflektert, einsarta praksis, og praksis som medlemene i ei gruppe er meir eller mindre medvitne om. Slikt medvit kan gje seg utslag i reint deskriptive formuleringar, eller i normative formuleringar og sanksjonar. Vi kan m.a.o. skilja mellom uformulert og ureflektert praksis, og formulert praksis, og når det gjeld den siste, mellom reint deskriptivt formulert og forventa praksis, og *normativt formulert, forventa og sanksjonert praksis*. Og det er denne siste kategorien eg vil kalla *normar*. Om det blir nemnt som noko vanleg at folk talar høgare når det er mykje bråk kring dei, at kvinner er meir varsame bilførarar enn menn,

at folk i visse land ristar på hovudet når dei meiner 'ja', medan dei i andre land nikkar, at folk i Frankrike og Italia gjerne drikk vin til maten, så er det deskriptive formuleringar av konformitetar i åttferd. Til slike konformitetar kan det som nemnt knyta seg forventningar, men vi kunne kalla dei deskriptive forventningar dersom dei ikkje heng saman med kjensler av at handlemåtane er *rette*, i samsvar med det ein har *plikt* til osb., men berre går ut på at slik og slik er det, slik og slik gjer folk.

Normar derimot er praksis eller banar som kjennest som *rette*, det ein er forplikta til osb. Dei er praksisar som er normativt formulerte og som det knyter seg normative forventningar og sanksjonar til: slik og slik bør ein gjera, det er det *rette*.

Normar i denne forstand er det same som *fylgde* normar. Det finst sjølv sagt òg normformuleringar som det ikkje svarar nokon reell praksis til, eller forventningar og sanksjonar, og som for så vidt kunne kallast «tome». Det finst t.d. «sovande» lovvedtak som ikkje lenge blir rekna å stå ved lag, men som aldri er blitt formelt avskipa. Men slike tome normformuleringar vil eg ikkje her rekna som normar.

Klassen av normar kan i sin tur delast i *retningsliner* og *reglar* (og her eg fylgjer eg Nils Kristian Sundbys *Om normer*). Reglar er *pliktreglar* (påbod, forbod, løyve), eller *kriterium* (kvalifikasjonsreglar), som seier under kva for vilkår noko, x, skal *telja* som noko, A. Ei retningsline derimot er ein «lausare» norm som ikkje gjev noko visst påbod eller kriterium, men berre viser til eit moment ein bør ta omsyn til ved domar av eit visst slag, og som eventuelt må avvegast mot andre, motstridande retningsliner. Reglar kan altså delast i *pliktreglar* (påbod, forbod og løyve), og *kvalifikasjonsreglar* som gjev kriterium for når noko skal telja som noko visst, t.d. eit *mål* i fotball, eit *drag*, eller *matt*, i sjakk, ei *velforma setning* i eit visst språk, eit *prov* i eit aksiomatisk system osb.

Normar kan òg delast i *konstitutive* og *regulative*. Konstitutive normar er slike som *må* fylgjast i ein viss samanheng for at det ein gjer skal telja som noko visst, t.d. som ein fotballkamp, eit spel sjakk, ei ytring i eit visst språk, eit lovleg vedtak, ei vigsling, eit kjøp, eit prov. Regulative normar er slike som *bør* fylgjast, som det kan vera *føremålstenleg* å fylgja osb., i samband med visse aktivitetar, men som *kan* brytast utan at ein dermed set handlingane ut av kraft. Døme på regulative normar: heuristiske prinsipp for å finna prov i logikk eller matematikk, reglar for høvisk åttferd i ulike samanhengar, t.d. god bordskikk, reglar for god uttale, for god handskrift, taktiske reglar for sjakkspel eller fotball osb.

Skilket mellom konstitutive og regulative normar ligg nær det mellom kvalifikasjonsreglar og retningsliner. Retningsliner er vel generelt regulative normar. Men ikkje alle konstitutive normar er kvalifikasjonsreglar. Ein del pliktreglar (påbod, forbod) kan òg vera konstitutive: ein *må* gjera slik og slik for at det ein gjer skal telja som t.d. eit lovleg vedtak. Andre pliktreglar kan vera regulative, t.d. røykjesforbod, eller påbod om slips på ein restaurant.

Når det gjeld språkbruk, er det kanskje skiljet mellom konstitutive og regulative normar som kan vera mest relevant. Visse normar er rimelegvis konstitutive for språkhandlingar – slike reglar som John Austin og John Searle har granska. Andre språknormer kan vera regulative. Visse normar kan vera konstitutive for å tala eit visst språk, andre regulative. Når det gjeld metaplanet derimot, språkplanlegging, kan andre skilje kanskje vera meir relevante, som det mellom reglar og retningsliner.

Men når det gjeld metaplanet, kan det òg vera relevant å sjå på samanhengar mellom «språkmodellar» og idear om prinsipp eller retningsliner for språkplanlegging.

Språk, språkmodellar og språkideologiar

I ymse samanhengar, i lingvistiske, språkfilosofiske, psykolingvistiske, sosiolingvistiske, språkpolitiske eller «common sense»-refleksjonar om språk, kan ein råka på ulike førestellingar om språk, implisitte eller eksplisitte «språkmodellar». Nokre slike tankemodellar er rett og slett *analogiar*: underforstått eller med reine ord blir språk jamførde med eit eller anna slag ikkje-språkleg fenomen. Som eit døme på dette kan vi ta *verktøykiste-analogien* som Wittgenstein nyttar i *Philosophische Untersuchungen*. Ordtilfanget er som ei kiste med ulike slag reidskapar: meterstokk, vinkelhake, passar, kniv, sag, høvel, hamar, bor osv. Wittgenstein nyttar sjølv sagt denne analogien for å få fram dei mange ulike funksjonane eller bruksmåtene ord kan ha.

Slike modellar eller analogiar, meir eller mindre primitive eller raffinerte, kan liggja til grunn for generelle syn på kva eit språk er, kva vi kan eller bør gjera med språket, og kva som er bra og dårleg, meir eller mindre verdfullt, når det gjeld språk. Dei kan liggja til grunn for

språkpolitiske standpunkt. Slike generelle syn med deskriptive, normative og vurderingsmessige innslag kan vel kallast *språkideologiar*.

Ulike modellar vil gjerne dra ulike deskriptive, normative og vurderingsmessige konklusjonar etter seg. Er vi fanga i eller av ein slik modell, kan vi lett koma til å ta visse slike konklusjonar som sjølvsegde eller tvingande. Noko av det Wittgenstein var oppteken av i sin seinare filosofi var å kritisera slike tankemodellar i ulike samanhengar, t.d. Augustins *namnemodell* for ord. Men Wittgenstein *brukar* òg modellar i refleksjonane sine, fyrst og fremst *spelmodellen*.

Lat oss sjå litt på nokre ulike «modellar» for språk. Namnemodellen, som Wittgenstein kritiserer i fyrste del av *Philosophische Untersuchungen*, er nemnd. Ords funksjon er å vera namn på ting, alle ord står for ting. Quine har kalla dette *museumsteorien* om språk og tyding. Ord er liksom merkelappar på ting i eit museum. Tinga kan inspiserast i museet for dei røynelege ting, eller i tankens museum. For Wittgenstein var denne namneteorien ein del av hans ungdoms språkfilosofi, slik han er formulert i *Tractatus Logico-Philosophicus*, og han har der samband med *biletteorien* om språklege utsegner. Ei utsegn har same relasjon til det saksforholdet som ho står for, som eit bilete har til den situasjonen det skildrar. Men i *Tractatus* er skildringsrelasjonen identifisert med *strukturlikskap* eller *isomorfi* generelt. Og Wittgenstein tenkte seg at slik som ulike delar av eit bilete representerer ulike ting, og tilhøvet mellom delane i biletet representerer tilhøvet mellom tinga i ein situasjon, slik er orda i ei *setning* namn på ting, og tilhøvet mellom orda i setninga representerer tilhøvet mellom tinga i eit saksforhold.

Eit liknande syn på språk og tyding finn vi i Russells «logiske atomisme».

Wittgenstein tok som sagt avstand frå dette i seinfilosofien sin. Det verkar som han meinte at det er ein så nærliggjande måte å tenkja seg språket på at folk ville sitja fast i denne tenkjemåten om han ikkje sjølv gjorde sitt beste for å slå han sund.

Ein av dei konklusjonane som kan liggja nær om ein sit fast i namne- eller museumsteorien, er at språk er noko *vilkårleg*, konvensjonelt, og kan manipulerast vilkårleg. Namn er vilkårlege, vi kan kalla barnet Ola eller Kent Larry, vi gjer som vi vil. Slik kan vi òg ta vilkårlege avgjerder om språket.

Lat oss sjå på nokre andre språkmodellar. Ein slik modell har rot i utviklinga av moderne formal logikk sidan midten av 1800-talet:

utviklinga av formale språk og logiske kalkylar. Vi kan kalla han *kalkylemodellen*. I utviklinga av logiske system var det nyttig å skilja mellom *formale teiknsystem* og *interpretasjonar* eller tolkingar av dei. Studiet av formale teiknsystem er logisk syntaks. Studiar av tolkingar av formale system er logisk semantikk. Skiljet mellom syntaktisk og semantisk nivå er viktig for avgrensinga av omgrep som *logisk form* og *formal deduksjon* eller *prov* på den eine sida, og *logisk sanning* og *logisk fylgje* (fylgjerett slutning) på den andre sida. Eit *formalt språk* har eit sett primitive teikn og reglar for kombinasjon av dei til *velforma* uttrykk, velforma formlar eller setningar: *formingsreglar*. Reglane omtalar berre kva form teikna har og kva orden dei kan stå i, ikkje kva dei eventuelt måtte tyda eller stå for. – Ein *kalkyle* er eit formalt språk med tillegg av reglar for lovlege operasjonar på velforma uttrykk: *omformings- eller avleiingsreglar*. Desse reglane gjeld òg berre det syntaktiske.

Både formings- og omformingsreglar er det Nils Kristian Sundby har kalla *kvalifiseringsreglar*. Dei set ut dei vilkår som ein må stetta for at noko skal *telja som* ein ting av ein viss kategori: dei fyrstnemnde reglane gjeld vilkåra for at noko skal reknast som velforma formel eller setning, dei sistnemnde reglane gjev vilkåra for at noko skal telja som ein deduksjon eller eit prov i kalkylen.

No kan ein seia: eit naturleg språk *liknar* eit formalt språk, men det er som eit *interpretert* formalt språk. – Denne analogien er temmeleg nærliggjande når ein tenkjer på at utsegner i eit naturleg språk kan omsetjast til uttrykk i eit formalt språk, t.d. predikatlogikkens språk.

Noko av det ein lett festar seg ved i samband med formale system, er at dei er «kunstig konstruerte». Det er lett å tenkja seg at primitive teikn, formings- og omformingsreglar kan *veljast fritt og vilkårleg*. Atter har vi ideen om at vilkårlege vedtak ligg til grunn. Og gjeld dette for formale system, så kan vi òg seia det same om naturlege språk, om dei svarar til interpreterte formale språk.

Men ideen om at dei formale systema vi kjenner i logikken er vilkårlege konstruksjonar er ikkje heilt realistisk om vi ser på korleis dei er blitt utvikla. Refleksjonar over korleis språket *faktisk blir brukt* på ulike felt, serskilt bruken av såkalla logiske uttrykk, har lege til grunn for utviklinga av logikken sidan antikken. Så heilt frittsevande og vilkårlege er ikkje dei vedtektene som ligg til grunn for dei formale systema i logikken, t.d. utsegns- og predikatlogikk. Wittgenstein kjem

med eit atterhald mot eit slikt syn i *Tractatus*, der han elles er sterkt påverka av kalkylemodellen. I 5.555 heiter det: «Og korleis skulle det vera råd at eg i logikken hadde å gjera med former som eg kan finna opp: eg må tvert om ha å gjera med det som gjer det mogleg for meg å finna dei opp.»

Men kalkylemodellen for språk dreg lett med seg ideen om at alle språk er system av *konvensjonar, vedtekter*, som kan vera meir eller mindre vilkårleg fastlagde og kan manipulerast meir eller mindre fritt.

To andre språkmodellar kan føra til same konklusjon: *rettsmodellen* og *spelmodellen*. Eit språk kan jamførast med eit rettsvesen, eit system av *lover*, eller språkbruk kan samanliknast med *spel* i samsvar med *spelereglar*. Nils Kristian Sundby hevdar t.d. (i *Om normer*) at det er irteressante og viktige parallellar mellom språk og rettssystem. Dreg ein inn denne analogien, er ein sjølv sagt inne på at når det gjeld språket finst det reglar som kan jamførast med lovene i eit rettssystem. Og liksom ein autoritativ instans, Stortinget, kan vedta lover, kan ein eller annan ha makt til å vedta reglar for språket. Lovvedtak er rett nok ikkje heilt vilkårlege, men grunna på faktiske tilhøve av ulike slag, og dessutan motiverte av politiske mål. Tilsvarande vil vedtak om språkreglar ikkje vera reint vilkårlege; dei må ta omsyn til faktisk språkbruk, men vil òg vera motiverte av (språk)politiske mål.

Språkbruk har stundom vore jamført med spel etter spelereglar. Både Saussure og Wittgenstein nytta denne analogien. Wittgensteins språkspel er kjende, jamvel om det har vore ulike meiningar om kva eit språkspel er, nøyare sett. Men i alle fall er eit spel noko som skjer etter reglar. Og her kan ein òg koma inn på tanken om reglar som noko ein kan vedta og manipulera vilkårleg – endå Wittgenstein, i *Philosophische Untersuchungen*, ikkje dreg ein slik konklusjon. Men i samband med spelmodellen kunne ein dra skiljet mellom konstitutive og regulative reglar, som er nemnt før. Terminologien skriv seg frå Kant, men skiljet er drege inn i nyare diskusjon fyrst og fremst av John Rawls («Two Concepts of Rules»). Ein konstitutiv regel er, som namnet seier, konstituerande for eit visst slag fenomen, i den forstand at om regelen ikkje er fylgd, ligg ikkje dette fenomenet føre. I sjakk t.d. er det reglar for korleis bønder, springarar, tårn osb, kan flyttast. Desse er konstitutive for sjakkspelet; om einkvan ikkje fylgjer reglane, spelar han ikkje sjakk. Men andre reglar er regulative: dei seier noko om kva som bør gjerast under ulike omstende, men brot på dei inneber ikkje at det fenomenet

eller det språket dei er reglar for, ikkje ligg føre. Det kan t.d. vera regulative reglar for gode strategiar i sjakk. Skiljet her kan òg nyttast i andre samanhengar enn spel, t.d. i samband med sosiale institusjonar og transaksjonar av ulike slag. Det finst t.d. konstitutive reglar for eige-
domsoverføring, lovvedtak, vigsler eller utnemningar til offentlege stillingar. Det kan òg vera mange slag regulative reglar i slike samanhengar.

I samband med spel kjem vi òg attende til omgrepet kvalifiserande reglar. I eit spel, liksom i ein kalkyle, kan det vera reglar som fastset vilkår for at noko, x , skal telja som noko av ein viss kategori, K , t.d. sjakk eller matt i sjakkspel, eller mål eller offside i fotball. I spel vil det til vanleg vera kvalifiserande reglar som fastset kva som skal telja som siger eller tap. Slike kvalifiserande reglar kan seiast å vera konstitutive reglar for vedkomande kategori.

Samtalar eller ordskifte av ulike slag kan òg vera regelstyrde. T.d. parlamentsdebattar er regulerte både m.o.t. kven som får vera med, kvar dei skal gå føre seg, kva slag emne som kan takast opp, og korleis dei kan drøftast. Nokre reglar er konstitutive, andre regulative, t.d. reglar om ikkje å nytta skjellsord eller banning.

Dersom språkbruk blir samanlikna med spel etter reglar, blir det spursmål om vi i samband med språk òg kan dra eit skilje mellom konstitutive og regulative reglar, og om vi har bruk for eit skilje mellom pliktreglar og kvalifiserande reglar.

Konstitutive språkreglar måtte vera reglar som er konstituerande for ulike måtar å bruka språket på, ulike slag språkhandlingar t.d., eller for det å tala eit visst språk, t.d. norsk, eller for språkbruk heilt generelt. Det kunne vera reglar for *forståelege* talehandlingar, forståeleg språkbruk, i motsetnad til absurditet og ordlapskaus. Regulative språkreglar ville vera tilrådingar eller normar som kan brytast utan å «ødeleggja» eller «oppløysa» den språkbruksmåten dei regulerer. Det kunne t.d. vera uttalarreglar eller rettskrivingsreglar.

Fleire språkfilosofar har vore inne på idear om konstitutive reglar for språkbruk, jamvel om dei ikkje har brukt nettopp denne terminologien. Det gjeld t.d. Wittgenstein, Austin og Searle. Wittgenstein er i ulike samanhengar inne på konstitutive vilkår for språkspel, ikkje minst i det siste arbeidet sitt, *Über Gewissheit*. Searle omtalar reglar som er konstituerande for talehandlingar av ulike slag, pragmatiske reglar som kan vera meir eller mindre samsvarande for ulike språk. T.d. er det

konstitutive reglar for det å *hevda ein påstand* eller å *lova noko*. Hjå Austin finn ein òg ymt om konstitutive reglar for talehandlingar. Brot på slike reglar vil føra med seg at ytringa *slår feil* eller blir poenglaus som talehandling av ein viss type. Det som kallast *Moore's paradoks* er eit døme. Einkvan seier: «Eg var på kino i går, men eg trur det ikkje.» I og med at ein hevdar eller påstår noko, «Eg var på kino i går», gjev ein implisitt til kjenne at det er sant og at ein gjer krav på at det blir trudd. Om ein samstundes *seier* at ein ikkje trur det, tek ein bort den krafta ytringa skulle ha som hevdning av ein påstand. Dermed blir ytringa «tom» eller «poenglaus», som Austin seier.

Liknande idear finst hos Wittgenstein. I *Über Gewissheit* er han oppteken av at språkspel kan *undergravast*, eller ein kan «slå føtene vekk under seg sjølv» på visse måtar, ved å dra i tvil, setja spursmålsteikn ved eller nekta for noko av det som er *føreset* som konstituerande vilkår for språkspelet sjølv. Resultatet blir nonsens, tomleik eller poengløyse. Fenomen av dette slaget har òg vore diskuterte i norsk filosofi, m.a. i Osloskulen, og slike fenomen vart då kalla m.a. «pragmatisk inkonsekvens». Ein generell og laus karakteristikk av dette: ein nektar eller dreg i tvil, i ei ytring, noko som er ein naudsynleg føresetnad eller eit konstituerande vilkår for å setja fram ei ytring av det slaget ein gjev seg ut for å koma med. Visse av lygnarparadoksa kan vera døme.

Slike paradoks eller inkonsekvensfenomen kan tyda på at skiljet mellom konstitutive og regulative reglar kan nyttast på språk. Og då kjem vi attende til eit spursmål som murrar når det blir ymta om at språk og språkreglar er vilkårlege konvensjonar som kan manipulerast og endrast meir eller mindre fritt: Kva i eit språk kan seiast å vera vilkårleg, konvensjonelt, og kva ikkje?

Ein kan seia at eit naturleg språk verkar analysrande og strukturrande på oppleving og røynd. Det er eit middel til å skilja ut og retta merksemda mot visse element av opplevd røynd som emne som ein kan referera til om att og om att i same situasjon eller ulike situasjonar – individ, einskildting, stader, tidspunkt, eigenskapar, relasjonar, situasjonstypar, samband mellom situasjonstypar – og som ein kan karakterisera. Språket ligg til grunn for eit kvardagsleg verdsbilete som meir eller mindre umedvite eller førmedvite er føreset i vanleg tenking og åtferd, og likeins i meir spesialisert verksemd.

Skilnader mellom språk når det gjeld «strukturering av røynda» (ulike skilje når det gjeld fargar, meir eller mindre differensierte klassifiseringar på ulike område, ulike struktureringar av tid, ulike slektskapssystem osv.) kan få oss til å meina at den røyndomsstrukturen vi føreset når vi tenkjer og handlar er noko vilkårleg, og at det vi reknar som ekstreme avvik frå normale oppfattings- og rekasjonsmåtar kunne vore sett som normalt ut frå andre verdssyn. – Er ikkje språk og verdsbiletet noko vilkårleg, noko vi held ved lag og pressar på kvarandre som konvensjonar for å ha eit mest mogleg sams grunnlag for kommunikasjon og samhandling?

Spursmålet om kor vilkårleg språket og det språklege verdsbiletet er, kan vel tolkast på fleire måtar: dels som eit spursmål om i kva mon den einskilde kan ha styring over språket, dels som eit spursmål om den måten eit språk strukturerer røynda på, er noko vilkårleg, noko som like gjerne kunne vore annleis om det ikkje var for at språket alt er slik det er.

Spursmålet om språkbruk kan seiast å vera noko vilkårleg som den einskilde kan rå over utan omsyn til generelle språknormar har vi alt vore inne på i samband med Wittgensteins syn på reglar og regelfylgging. Det andre spursmålet, om den måten eit visst språk strukturerer røynda på, er noko vilkårleg, blir òg nemnt av Wittgenstein i fleire samanhengar. I samband med det må ein ta omsyn til dei grensene naturen set for språkleg strukturering. Det er mange slags drag i naturen; eit språk vel ut og merkjer ut ein del av dei og ser bort frå andre, og ulike språk kan gjera ulike utval. Men utvala skjer frå drag som finst og kan som vi kan skilja ut, og er for så vidt ikkje utan «constraints», som det heiter med eit moteord. Men lat oss sjå på korleis ein annan filosof enn Wittgenstein tek dette spursmålet opp, fordi drøftinga hans representerer ein viss, ikkje uvanleg, tilnæringsmåte i språkfilosofien, den «rekonstruksjonistiske».

Ideen i rekonstruksjonismen er at vi kan abstrahera frå språket slik det ligg føre, og gå ned til visse slag enkle fenomen, bruk av teikn i enkle situasjonar, og så syna korleis komplisert språkbruk på høgt nivå kan analyserast som oppbygd av enkle element. Ein tek utgangspunkt i visse enkle fenomen som eit slag modell for meir komplisert språkbruk. – Eit døme er John Hospers si framstilling. Dei enkle fenomen han tek utgangspunkt i, er nemnde med desse linene: «Kvar dag i liva våre møter vi situasjonar der ein ting står for, eller tyder, ein annan. Eit

raudt lys i ei trafikkrossing tyder at vi må stogga; eit raudt flagg tyder at det er fåre i nærleiken; ei ulande sirene tyder at ein ambulanse nærmar seg; eitt slag ringjeklokke tyder at nokon er ved døra; eit anna slag at skuletimen er slutt. Den andre medlemen av kvart av desse para er det vi eigenleg er interesserte i, men den fyrste er meir praktisk eller tilgjengeleg, så vi nyttar den til å stå for den andre.» (John Hospers: *Introduction to Philosophical Analysis*, side 1.) Slike ting som vi bruker til å stå for noko anna, som teikn for noko anna, kallar Hospers «vilkårlege symbol», og ut frå denne enkle ideen om vilkårlege symbol byggjer han så opp heile framstillinga si av semantikken. I alle fall til å byrja med tenkjer han på, og ut frå, modellen, det vilkårlege symbolet, heller enn språket sjølv. Det kan minna om å byrja med rotteeksperiment for å byggja opp ein psykologi om mennesket. Utgangspunktet til Hospers får han til å sjå namne- eller nemningsrelasjonen som heilt sentral for å forstå korleis språk fungerer. Det at ord «står for» noko er det grunnleggjande; det er altså ein versjon av Museumsteorien. Utgangspunktet får han dessutan til å leggja stor vekt på at språktydingar er noko vilkårleg: ord står for ting etter vilkårlege konvensjonar.

Når ein nyttar ein slik enkel modell, går ein ut frå at han er adekvat som hjelpemiddel til å kartleggja dei kompliserte realitetane ein i grunnen er interessert i. Men er han det? Sume kan meina at ei slik framstilling ikkje strekk til nettopp avdi utgangspunktet er ein altfor enkel og spesiell modell, signalmodellen, bruk av eit vilkårleg signal til å «stå for» eller varsla noko anna. Wittgenstein understreka at nemnings- eller referansefunksjonen ikkje fortener å reknast som dominerande grunnmønster for all språkbruk: språket kan ha *mange* ulike funksjonar. Og jamvel om det er vi som nyttar ord og «gjev» dei meining, så skjer dette innom ramma av ein naturavgrensa språklegkulturell struktur som skaper, men òg set grenser for, fridomen vår til å «gje» ord og setningar «vilkårlege» tydingar. Dette naturavgrensa språkleg-kulturelle heile er føresett jamvel under dei små freistnadene våre på å manipulera språket, og jamvel når vi prøver å framstilla det som om språklege kategoriar er vilkårlege. – Det naturlege språket og den strukturen det legg på røynda er føresett jamvel under arbeidet med vilkårlege kunstige språk. Det gjeld sjølvsagt også når Hospers snakkar om at ulike slag ord står for ulike slag ting på grunn av vilkårlege konvensjonar. Alle desse «slag ting» som, ord «står for», er då projeksjonar av den verdsstrukturen som alt er føresett, dei språkleg deter-

minerte utveljingane og utmerkingane innanfor det naturgjevne som prinsipielt kan oppfatast. Er *denne* verdsstrukturen «vilkårleg» i den forstand at han kan manipuleraast av den einskilde eller samfunnet? Berre om heile den verdsstrukturen som eit språk projiserer på, eller merkjer ut i, røynda, kan reknast som vilkårleg, kan det vera grunn til å tala om språket som «vilkårleg». Men om ein vil sjå bort frå denne strukturen, må ein venteleg tenkja seg eit språkleg-kulturelt og ontologisk vakuum.

Framstillingar som Hospers si er villeidande avdi dei ignorerer meir eller mindre velkjende kjernsgjeringar om språk og språkutvikling. Framstillinga er ahistorisk; ho gjev inntrykk av at språket er noko som vart oppfunne eller laga etter vilkårlige retningslinjer i går eller dagen før. Resultatet av ei uoverskodelig utvikling blir framstilt som om det vart til ved eit slag *sosial kontrakt*. Ein ser for seg ein flokk steinaldermenneske som fer ikring og fiskar og driv jakt med skrik og skråll, til dei brått ein dag stoggar, set seg ned og blir samde om å *laga eit språk*. «I dag lagar vi eit språk,» seier dei til kvarandre. «Lat oss no fyrst bli samde om kva vi skal kalla dei ulike slag ting vi har ikring oss.»

Det er ein myte eller fiksjon som ligg til grunn for snakket om språket som «vilkårlege symbol». Språk har eksistert blant menneske i kanskje ein million år eller to – å døma etter alderen på artifakt funne saman med leivningar av forntidsmenneske, og om vi går ut frå at framstillinga av reidskapar og våpen føreset sosialt samkvem og språk, ein språkleg kultur med formidling av kunnskap og tradisjon, kanskje i samband med magi. Det finst ingen kjende middel til å få data om elementære utviklingsstadium i noko naturleg språk, sidan vi ikkje kan gå attende til ei tid då språk var fundamentalt annleis enn dei er no. Barns læring av språk kan ikkje seia oss noko om korleis språket fyrst vart til; den viser oss berre noko om sosialisering i ein språkleg kultur som alt finst. Alle menneskelege samfunn har språk, og alle eksisterande naturlege språk er resultat av ei lang utvikling. Berre på etter måten ytlege nivå i ein språkstruktur kan det vera rimeleg å tala om vilkårlige vedtekteer eller konvensjonar. Det er sjølve det at språket og kulturen finst som gjer det mogleg for oss å fastsetja ein detalj her eller endra på ein detalj der, og utnytta språket på personlege måtar.

Men ligg det ikkje ein myte eller fiksjon bak talen om *Språket* som noko objektivt eksisterande, og om objektivt språkleg fastlagde tydingar – dei «bokstavelege tydingane» til orda? Vi tenkjer oss at språket ligg

føre slik og slik, ord og setningar har sine språkleg fikserte tydingar, og språket er ikkje noko kvar einskild av oss rår over etter sitt eige hovud, det er heller det som påverkar oss og tenkinga vår. – Men har denne ideen noko for seg?

Språket som noko objektivt har ein tenkt seg på ulike måtar, t.d. som eit slag naturfenomen eller ein organisme eller noko overindividuellt åndeleg som lever og verkar i kvar einskild og utviklar seg etter sine eigne lover, heilt upåverka av kva innfall dei einskilte språkbrukarane måtte ha. E. Spranger skreiv i hegelianske vendingar om «objektiv ånd»: språk, vitenskap, teknologi, stat, moral, religion osv. i ein viss kultur held individet fanga, styrer og tøymer det. Dette er overindividuelle strukturar, meiningsamanhengar som er vilkår for tenkjemåtar, opplevingar og handlingsliv hjå den einskilte, utan at dei sjølve kjem inn i den subjektive meiningsopplevinga (m.ao. dei er meir eller mindre umedvitne for individet sjølv). (Jf. E. Spranger: *Psychologie des Jugendalters*, 1924. – B. L. Whorfs syn har visse sams drag med Sprangers; det same gjeld strukturalismen.) Språket har som nemnt òg vore samanlikna med eit slags spel med spelereglar: ein kan nok stundom leika utan å spela for alvor, skuva omsynet til spelereglane til side av og til, men ein kan ikkje gjennomført bryta reglane om ein i det heile vil vera med på spelet. Det finst objektive reglar endå om dei ikkje alltid er klare og presise og det ikkje alltid rår semje om *alle* reglar eller om kva som er rett i kvar einaste konkret situasjon. Dersom ein person blir for luncfull og urekneleg i sin omgang med reglane blir han ikkje lenger halden for medspelar. Språket har òg vore jamført med eit sett av lover fastsette for samfunnsmedlemene og halde oppe ved sanksjonar. Endå ei anna jamføring er med eit sams sett av reidskapar, verkty, tilpassa visse bruksmåtar som er dei naturlege eller korrekte, same kven som nyttar reidskapane og same korleis kvar einskild kunne finna på å nytta dei.

I «Osloskulen» av filosofar kring Arne Næss var det ei vanleg meining at språk ikkje er noko som kan granskast på nokon annan måte enn ved å studera faktisk språkbruk. Det var ein tendens til å meina at «språk» berre er ein rasjonaliserande abstraksjon frå faktiske bruks-episodar. *Språket* er eit system for skildring og analyse av faktiske språkbrukshendingar, drøymt opp av lingvistar, det er ikkje noko røyneleg som ligg til grunn for faktisk bruk, er årsak til bruken eller set grenser for han. Det vart meir eller mindre eksplisitt hevda (t.d. av Arne Næss og Herman Tønnessen) at det ikkje finst noko slikt som *Språket*, tenkt

som eit objektiv, sams struktur som kan granskast i abstraksjon frå folks omgang med ord i konkrete situasjonar. Eit «språk», slik det er representert i ordbøker og grammatikkar, er ein idealiserande abstraksjon skapt av lingvistar, ein generell teori om verbal åtfærd i ei gruppe. Det høyrer altså til nivået *lingvistisk teori*, ikkje til nivået *data*. Sidan det er tilfellet, er det ikkje noko grunnlag i data for å tala om den «bokstavelege tydinga», den reint språkleg fastlagde tydinga, til eit ord. Folks bruksmåtar kan variera innanfor grenser som lingvistar ikkje maktar å fastslå noggrant. Ulike personar kan meina ulike ting med same ordlag eller det same med ulike ordlag, jamvel om dei alle talar «korrekt» norsk. Vi nyttar ord, og trur vi stundom forstår kvarandre, stundom misforstår, og folks åtfærd kan gje grunnlag for slik tru. Vi kan freista å tolka kvarandre, og prøva å ordleggja oss på måtar som er mindre opne for mistyding, og det er haldepunkt for å freista å finna samsvar og skilnader innanfor og mellom folks språkbruksmåtar, men grunnlaget for meiningane våre om bruksmåtar og språk er og blir skrøpeleg og feilbarleg og empirisk. Det finst ingen *a priori* eller intuitiv snarveg til mistakslaus kunnskap om språk.

Ein nyare språkfilosof som Donald Davidson tykkjest ha eit liknande syn. Han meiner at kommunikasjon ikkje krev eit sams språk, ein sams struktur, men *tolking*. For at to personar skal kommunisera, må kvar av dei vera tolk. Ein tolk har ein teori om kva talaren meiner, og han kan endra teorien etter som talaren talar. Teorien er mynta på høvet, han er ein augneblinksteori. Men å ha språkleg evne, eller kompetanse, er å ha ein generalisert strategi for å koma opp med nye augneblinksteoriar om kva talarar meiner. Her er altså det å meistra eit språk sett likt med å ha ein generell evne til å koma med teoriar om kva andre meiner i konkrete tilfelle.

Eit språk, slik det er kartlagt av lingvistar, kan ein som nemnt sjå som eit abstrahert system eller ein struktur som språkgranskaren freistar å assimilera konkrete ytringar til. Men kva for status har no ein slik struktur, kartlagt av lingvistar, eller meir ufullstendig og ufullkome karakterisert i kvardagslege refleksjonar over korleis vi snakkar? Er det tale om noko reint deskriptivt, rett og slett ei rein kartlegging av statistiske regelbundne fenomen i ytringar? Eller er det eit sett av hypotetiske *årsaker* til observerte regelbindingar i ytringar? Eller noko anna? Og: er eit språk å rekna for eit *produkt* av ein reint deskriptiv

analyse eller konstruksjon, eller er det ein *føresetnad* for analyse og deskripsjon?

Det er kanskje nærliggjande å svara «både-og» på det siste spørsmålet: på den eine sida tek språkgranskaren sjølvstøtt sin eigen språklege bakgrunn som basis for kommunikasjon, men på den andre sida granskar han eit språk, analyserer og skildrar det og ser kanskje resultatane sine som kausale hypotesar om verkande årsaker som ligg under dei språkbruksfenomena ein kan observera. Her kjem vi attende til skiljet mellom *objektspråk* og *metaspråk*: som metaspråk er språket noko føresett, medan den systematiske skildringa av eit objektspråk er eit produkt av aktiviteten til ein utanforståande tilskodar – ein reint deskriptiv analyse eller teoretisering om underliggjande årsaker til dei yttingsfenomena som kan registrerast.

Men spørsmålet er om skiljet mellom objektspråk og metaspråk er eit kunstgrep som forfuskar noko, og kanskje blindar oss for visse ting. Det kunne tenkjast at eit språk i eigenleg meining berre kan granskast «innanfrå», frå ein annan synsstad enn den utanforståande tilskodaren har, med eit skilje mellom objektspråk og metaspråk – ein synsstad der dette skiljet fell bort avdi føresetnader og granskingsobjekt er dei same. Det er rett og slett sine egne føresetnader, sin eigen språklege kompetanse ein granskar og kartlegg. Det kunne tenkjast at ein berre ved ei slik innstilling «grip» det naturlege språket utan å abstrahera bort viktige sider av det.

Eit naturleg språk er ikkje berre eit sett av statistisk regelbundne ovringar i tale, som ein utanforståande kan kartleggja. Ein framand tilskodar kan leggja merke til mange sosiale samsvar og regelbundne fenomen som er perifere eller jamvel heilt irrelevante for ein analyse av språket. Det kan gjelda ting som er valda av tilfeldige årsaker utan samband med språket. Kanskje er det ikkje ende på alle dei regelbundne samanhengane ein spissfindig tilskodar kunne leggja merke til om han står heilt utan førehandskjennskap til ei gruppe, om han baserer seg einast på dei regelbindingane, samsvara og skilnadene han meiner han oppdagar. I praktisk språkforskning er det rimeligvis ikkje kva regelbundne fenomen som helst ein er ute etter, men meir eller mindre sosialt utmerkte og sanksjonerte regelbindingar i språkbrukargruppa: reglar og normar for rett måkbruk. Slike sosiale utmerkingar og sanksjonar innanfor gruppa sjølv er venteleg føresette som grunnlag for arbeidet til

språkgranskaren. Han vil t.d. freista å skilja mellom uttrykk som ei gruppe godtek og ordlag dei ikkje kjenner som akseptable.

Kva no med å sjå språk ikkje berre som statistisk regelbundne fenomen i ytringar, men som underliggjande årsaker til slike regelbundne fenomen?

Skiljet mellom hendingsgang og system kan nyttast på ulike område, både når det gjeld språk, samfunn og natur. Ein kan skilja mellom på den eine sida faktiske konkrete hendingar og prosessar som kan observerast i kvardagsliv og ved meir spesielle studiar i forskning, og på den andre sida freistnader på systematisk skildring og forklåring av regelbundne samanhengar i det som skjer. Ein kartlegg samanhengar i slike faktiske, konkrete hendingsgangar ved «empiriske lover», og freistar å forklåre hendingar og samband ved hypotetiske underliggjande «årsaker» – t.d. gravitasjonskraft, elektrisitet osv. Deskriptive empiriske omgrep og årsaks kategoriar kan reknast som delar av eit system, ein «teori», som blir nytta til å analysa og forklåra dei faktiske hendingane. I og med bruken av systemet blir dei konkrete hendingsgangane analyserte eller strukturerte på visse måtar.

Men vi kan dra eit skilje mellom to slag system og systemkategoriar. Naturvitskaplege omgreps- og teoribyggverk høyrer til det eine av desse; logikk, naturlege språk, kulturar og moralsystem til det andre. I fyrste tilfellet er det tale om system for økonomisk skildring og forklåring av hendingar, det er system av deskriptive kategoriar og lover; i det andre tilfellet gjeld det system for å gjera greie for intuisjonar, vurderingar eller domar om kva som er rett eller gale, korrekt eller ukorrekt – hypotesar om prinsipp eller målestokkar som ligg til grunn for slike intuisjonar, vurderingar eller domar.

Ein stein som blir sleppt frå den skeive tårnet i Pisa, fell til jorda, og akselererer i fallet. Kva kjem det av? Av gravitasjonskrafta. 'Akselerasjon' og 'gravitasjon' er døme på systemkategoriar for deskriptiv analyse og kausalforklåring av hendingar.

Ein nordmann kjem inn i eit rom der andre nordmenn sit og samsnakkast på norsk. Han byrjar å ta del i samtalen. Kva kjem det av at han tek til å tala, og at han talar norsk? At han har gått igjennom ei langvarig betinging i eit visst språkmiljø, visse talevanar eller verbale reaksjonstendensar er innarbeidde i han, og når han no kjem ut for visse stimuli i situasjonen, blir desse reaksjonstendensane aktiverte og han reagerer med å tala på norsk. Dette er er ei forenkla skisse av eit slag

kausalforklaring av tale. Er då eit «språk», t.d. norsk, ei slik samling av reaksjonstendensar, disposisjonar, innarbeidde vanar, som er meir eller mindre einsarta hos medlemene av ei viss folkegruppe, og som kan utløyast i høvelege stimulussituasjonar? M.a.o.: er t.d. 'norsk' ein systemkategori for kausalforklaring av faktiske ytringar, om lag som 'gravitasjon' er ein systemkategori for kausalforklaring av faktiske hendingar i naturen?

Ein utlending som har budd nokre år i Noreg kjem inn i same rom. Han kastar seg òg inn i samtalen så godt han kan. Men vi tykkjer han talar mindre korrekt norsk enn dei andre; han gjer elementære feil i uttale og ordval og setningsbygging som dei andre ikkje gjer, og som dei merkar jamvel om dei ikkje kommenterer det. Han talar *dårlegare* norsk enn dei andre. Dette vitnar om at språknemningar som «norsk», «tysk» osb. har normativ døm, dei er ikkje reint nøytralt-deskriptive ord, heller ikkje står dei for nøytrale kausalkategoriar. 'Norsk' er mellom anna eit slag målestokk, ein standard for vurderingar av språkbruk som meir eller mindre rett, korrekt eller perfekt.

Men *finst* det då noko rett og gale i målbruk? Spørsmålet er uklårt. Det kunne tyda: skil vi faktisk mellom rett og gale, godt og dårleg i språkbruk? Eller det kunne tyda: finst det objektive målestokkar for domar om språkbruk?

Svaret på det fyrste spørsmålet er greitt: i kvardagsliv og pedagogisk verksemd blir det ofte skilt mellom rett og gale, god og dårleg språkbruk. Vi godtek ikkje kva som helst som like bra eller korrekt. Vi godtek t.d. ikkje kva ord som helst som ei like bra eller korrekt nemning på eit visst slag ting. Naturleg språkbruk er på ingen måte noko vilkårleg, om vi med det meiner at han ikkje faktisk blir vurdert som meir eller mindre korrekt.

Men kanskje vi ikkje *burde* vurdera målbruk slik? Kanskje det er noko *gale* i å koma med slike vurderingar, t.d. avdi det ikkje finst objektive reglar eller målestokkar for språkbruk? Kanskje er det heile berre eit spørsmål om smak og hug – at når eg dømer noko som gale prøver eg berre å tvinga mine egne subjektive preferansar på andre? – Eit slikt syn ber i grunnen i seg at det ikkje finst noko slikt som språk, for eit språk er m.a. eit sett av normar for språkbruk, målestokkar for korrekt språkbruk. Og det er interpersonlege målestokkar, for å seia at dei er subjektive ville vera det same som å seia at dei ikkje fanst. Ein standard, ein målestokk, ein regel, ein norm er noko intersubjektivt, som

Wittgenstein har understreka. Han er ikkje noko som kan fastsetjast vilkårleg ved ein augneblinks hugskot. Han ligg føre, han blir ikkje vilkårleg vald eller vedteken.

Eit språk er m.a. eit system av intersubjektive standardar for korrekt målbruk, *føresetnader* for domar om språkbruk som korrekt eller ukorrekt. Standardar eller normar kan vera meir eller mindre lause eller uvisse. Men det vil ikkje seia at dei ikkje finst. Å seia at det ikkje finst noko rett eller gale i målbruk, er å seia at det ikkje finst målestokkar for korrekt språkbruk, og det er å seia at det ikkje finst språk.

Eit naturleg språk er ikkje noko som kan manipulerast heilt vilkårleg av den einkilde, men er alt gjeve som føresetnad for manipulasjon; det er ikkje underkasta subjektive preferansar eller vilkårlege innfall, men er noko intersubjektivt; det er ikkje fluktuerande og varierende i same mon som faktisk språkbruk kan vera det, men er meir eller mindre konstant som standard, målestokk, norm for språkbruk.

Idear om at språkbruk er meir eller mindre vilkårleg, og at normative domar er malplasserte på ein eller annan måte, kan henga i hop med ein tanke som har vore ein god del utbreidd i analytisk filosofi, nemleg at normative domar og vurderingar ikkje kan vera objektivt gyldige og ikkje kan ha nokon objektiv relevans i det heile, men berre er utslag av subjektive kjensler, eller middel til å påverka kjensler. Eit alternativt syn er at vurderingar, t.d. av om språkbruk er korrekt, kan vera gyldige eller ugyldige i relasjon til intersubjektive målestokkar eller normar – og «språket» er nettopp eit sett av slike normar som både er sosialt utmerkte og sanksjonerte praksisar og intersubjektive målestokkar for språkbruksvurderingar.

Ut frå tanken om at vurderingar ikkje har nokon objektiv relevans sprang kanskje òg ein tendens til å meina at berre reint deskriptivt-kausale språksyn var vitskapleg akseptable, berre dei tyktest kunna garantera språkforskinga status som objektiv vitskap.

Det alternative synet riv knapt bort basisen for språkforskinga. At eit språk er noko idealt-normativt likså vel som noko kausalt verksamt (og kvifor skulle ikkje ein ålment forventa og sanksjonert praksis som òg verkar som målestokk for kva som er korrekt, kunna verka kausalt inn på faktisk åtferd hjå den einkilde?), at språk er føresette målestokkar for språkbruksvurderingar like mykje som kausale vilkår for ytringar, treng ikkje tyda at det ikkje kan granskast vitskapleg.

Normar eller standardar for åtferd kan granskast og kartleggjast liksom hypotetiske underliggjande årsaker til fysiske eller psykiske hendingar og prosessar. Men ein gjer ikkje dermed standardane til noko reint kausalt-deskriptivt og verdøytralt. Eit ideal qua ideal blir ikkje redusert til noko reint nøytralt berre ved å bli analysert eller formulert. Er tilskodaren nøytral, så er det ikkje hans ideal eller standard; han står utanfor og ser på det som eit fenomen som høyrer til eit framandt språksamfunn. Når ein skildrar sitt eige mål, så har ein ikkje stilt seg utanfor det ved å kartleggja normane i det.

Domar om rett og gale må ikkje forvekslast med *openberringar* av realitetar, eller ytre observasjonar og registreringar av fakta. Ein slik identifikasjon ville hatt noko for seg berre om det at noko er språkleg korrekt var ein naturleg eigenskap eller relasjon, noko faktisk som kan observerast empirisk og registrerast deskriptivt. Folks *domar* om rett og gale kan sjølv sagt observerast empirisk og registrerast deskriptivt. Men desse domane er svar på normative spursmål, ikkje på deskriptive som kan avgjerast ved empiri. Av same grunn kan gransking av språkreglar knapt vera ein empirisk aktivitet i ei *heilt* vanleg meining – tenkt som gransking av regelbundne samanhengar i natur eller samfunn og hypotetisering av årsakene deira. Eit naturleg språk er ikkje berre eit sett av naturlege eller sosiale regelmessige samanhengar, og heller ikkje eit sett av hypotetiske årsaker til desse samanhengane, men sosial praksis knytt til forventningar og sanksjonar, praksis som både fungerer kausalt og idealt-normativt, som målestokkar for domar om korrekt og ukorrekt.